

Årsrapport 2012

Om arbeidsflyt/aktivitet, pasientflyt og ventetider ved Regional vurderingseining for rehabilitering (Vurderingseininga)

Rapportering og mandat

I mandat frå Helse Vest RHF (2010) blir Vurderingseininga bedt om å *etablere rapporteringsordning for å holde oversikt over aktivitet og pasientflyt i samband med tilvisingar eininga handsamar*. I ei nærmare presisering (2011) blir rapportane nedanfor etterspurt og Vurderingseininga blir bedt om å sende inn rapport ein gong årleg innan 15. februar.

Arbeidsflyt/aktivitet

- *Antall nye henvisninger*
- *Rettighetsstatus (antall/prosent rett til nødvendig helsehjelp – antall/prosent behov for helsehjelp i spes.h.tj – antall/prosent ikke behov)*
- *Antall/prosent klage og evt. omgjøring*
- *Antall/prosent der det må innhentes supplerende informasjon fra fastlegen pga mangler i henvisningen*
- *Antall/prosent som returneres til Vurderingseininga fra institusjon*
- *Pasientflyt (tilsvarende NPR-rapporter)*
 - *innen regionen (med ulike institusjoner)*
 - *ut av regionen (med ulike institusjoner)*
 - *med kommune/HF-tilknytning*
 - *med diagnose*
- *Ventetid*
 - *Ventetid til fullført vurdering (behandlingstid i Vurderingseininga). Frist: 30 virkedager/6 uker. Tiden løper fra ansiennitetsdato (dvs. dato når evt. mottatt i institusjon dersom feilsendt)*
 - *Forventet ventetid (hentes inn fra institusjon). Det er et mål å ha tall for reell ventetid til behandlingsstart i institusjon, men data er foreløpig ikke tilgjengelig*
 - *Evt. fristbrudd for rettighetspasienter (innhenting av informasjon fra institusjon)*

Vurderingseininga si hovudoppgåve

Gjennom brev dagsett 20.05.10 frå Helse Vest RHF til fastlegar og avtalespesialistar i Helseregion Vest går det fram følgjande informasjon om Vurderingseininga:

Helse Vest har vedteke å opprette ei regional vurderingseining for tilvisingar til private rehabiliteringsinstitusjonar. Vurderingseininga vil vere i drift frå 9. august 2010. Frå denne dato skal alle tilvisingar til rehabilitering i private rehabiliteringsinstitusjonar i og utanfor regionen sendast til den regionale vurderingseininga.

...

Føremålet med å etablere ei regional vurderingseining for rehabilitering er å sikre at pasientane som blir tilvist til dei private rehabiliteringsinstitusjonane, blir vurderte og prioriterte i tråd med pasientrettighetslova, prioriteringsforskrifta og prioriteringsretteleiarar. I tillegg skal vurderingseininga bidra til betre samordning av tenestene til pasientane.

Organisering og medarbeidarar

Vurderingseininga er ein funksjon ved Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering. Senteret er organisert som eigen eining ved ReHabiliteringsklinikken i Helse Bergen. To rådgjevarar med helsefagleg utdanning og ein helsesekretær handsamer alle tilvisingar til Vurderingseininga. Til å gjennomføre den medisinsk-faglege vurderinga av tilvisingane, kjøpar Vurderingseininga legetenester tilsvarande eit årsverk frå Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Bergen. Til saman fire overlege-spesialister tek del i arbeidet under leing av overlege Matthias Hutler. Leiar ved kompetansesenteret er leiar for Vurderingseininga.

Om tilvisingar og pasientadministrativt system

Alle tilvisingar til Vurderingseininga skjer (foreløpig) i papirform. Tilvisingar og vedlegg blir scanna inn i ein spesialtilpassa versjon av det pasientadministrative systemet DIPS. Vidare handsaming og vurdering skjer elektronisk, på bakgrunn av dei opplysningar som fastlegen har gitt i tilvisinga og eventuelle tilleggsopplysningar som Vurderingseininga innhentar skriftleg frå lege eller gjennom telefonkontakt med lege og/eller pasient

Alle data om arbeidsflyt og pasientflyt i denne rapporten er trekt ut og handsama direkte i DIPS innanfor dei rammer som systemet legg til rette for.

1. ARBEIDSFLYT/AKTIVITET

Nye tilvisingar 2012

I 2012 tok Vurderingseininga imot til saman 3260 nye tilvisingar. Av desse var 176 tilvisingar feilsendt til Vurderingseininga. 115 tilvisingar omhandla pasientar med sjukeleg overvekt, og blei vidaresendt for handsaming og vurdering ved Behandlingscenter for sjukeleg overvekt i Helse Førde eller til poliklinikkar i helseføretaka (frå våren blei det innført nye tilvisingsrutinar for pasientar med sjukleg overvekt via poliklinikkar i helseføretaka). I ein overgangsperiode (frem til 1. oktober) blei 62 tilvisingar til livsstilbehandling ved Nærland rehabilitering handsama og vurdert ved Vurderingseininga. Desse tilvisingane inngår i talet for reelle tilvisingar til Vurderingseininga i 2012 som var 2969.

Nye (reelle) tilvisingar 2012 fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom frå

Tabell 1

| Nye tilvisingar 2012 2969 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Andre * |
|------------------------------|--------------------|----------------|-----------------|----------------|---------|
| Tal | 464 | 450 | 1596 | 439 | 20 |
| Prosent | 15,6 | 15,2 | 53,8 | 14,8 | 0,7 |

* Andre = pasientar frå Helseregion Vest som flytta til annan region etter at tilvisinga var registrert og vurdert. Dessutan tilvisingar frå andre regionar som ved inkurie blei vurdert ved Vurderingseininga.

Fordeling av nye tilvisingar mellom kommunane i dei fire føretaksområda

(andre ikkje medrekna)

Tabell 2

| Helse Stavanger | Tal | Helse Fonna | Tal | Helse Bergen | Tal | Helse Førde | Tal |
|--------------------|------------|----------------|------------|-----------------|-------------|----------------|------------|
| Bjerkreim | 2 | Bokn | 6 | Askøy | 98 | Askvoll | 17 |
| Eigersund | 36 | Bømlo | 47 | Austevoll | 9 | Aurland | 2 |
| Finnøy | 7 | Eidfjord | 5 | Austrheim | 14 | Balestrand | 3 |
| Forsand | 3 | Etne | 15 | Bergen | 928 | Bremanger | 16 |
| Gjesdal | 11 | Fitjar | 9 | Fedje | 1 | Eid | 14 |
| Hjelmeland | 4 | Haugesund | 63 | Fjell | 90 | Fjaler | 28 |
| Hå | 52 | Jondal | 6 | Fusa | 11 | Flora | 35 |
| Klepp | 35 | Karmøy | 52 | Granvin | 2 | Førde | 55 |
| Lund | 13 | Kvinnherad | 94 | Kvam | 38 | Gaular | 10 |
| Randaberg | 11 | Odda | 13 | Lindås | 65 | Gloppen | 16 |
| Rennesøy | 9 | Sauda | 12 | Masfjorden | 3 | Gulen | 9 |
| Sandnes | 68 | Stord | 46 | Meland | 39 | Hornindal | 4 |
| Sokndal | 8 | Suldal | 11 | Modalen | 2 | Hyllestad | 14 |
| Sola | 23 | Sveio | 6 | Os | 107 | Høyanger | 37 |
| Stavanger | 122 | Tysnes | 11 | Osterøy | 48 | Jølster | 13 |
| Strand | 27 | Tysvær | 19 | Radøy | 18 | Leikanger | 10 |
| Time | 33 | Ullensvang | 20 | Samnanger | 11 | Luster | 19 |
| | | Vindafjord | 15 | Sund | 29 | Lærdal | 1 |
| | | | | Ulvik | 4 | Naustdal | 20 |
| | | | | Vaksdal | 10 | Selje | 22 |
| | | | | Voss | 34 | Sogndal | 13 |
| | | | | Øygarden | 35 | Solund | 4 |
| | | | | | | Stryn | 24 |
| | | | | | | Vik | 15 |
| | | | | | | Vågsøy | 20 |
| | | | | | | Årdal | 18 |
| SUM | 464 | | 450 | | 1596 | | 439 |

Rettighetsstatus etter første vurdering av nye tilvisingar 2012

Tabell 3

| | Rett til nødv. helsehjelp | Behov for annen helsehj. | Bedt om tilleggsoppl. | Avslag | Vurdering ikkje starta |
|----------------|---------------------------|--------------------------|-----------------------|--------|------------------------|
| 2969 | | | | | |
| Tal | 4 | 1930 | 506 | 483 | 46 |
| Prosent | 0,1 | 65,0 | 17,0 | 16,3 | 1,5 |

Ankar/klager på avgjersle

Vurderingseininga handsamar tre typar ankar; anke på avslag, anke på rettighetsstatus og anke på institusjonsval. Dersom Vurderingseininga opprettheld si avgjersle, kan pasient/lege anke avgjersla vidare til Helsetilsynet/Fylkesmannen. Frå 2012 blei muligheit til anke/ ankebehandling endra i Lov om Pasient- og brukarrettigheter. Endringa innebar at Vurderingseininga vidaresendte til Fylkesmannen (gjennomført frå hausten 2012), dei ankar der Vurderingseininga ikkje gav medhald. Det er Fylkesmannen i Hordaland som handsamer alle ankar av tilvisingar til Vurderingseininga.

Ankar som vart motteken og handsama ved Vurderingseininga i 2012

Tabell 4

| Ankar | Anke på avslag | Anke på rettighetsstatus | Anke på institusjonsval |
|----------------|----------------|--------------------------|-------------------------|
| 224 | | | |
| Tal | 120 | 1 | 103 |
| Prosent | 53,6 | 0,4 | 46,0 |

Resultat av ankehandsaming ved Vurderingseininga i 2012

Tabell 5

| Ankar | Anke på avslag | Anke på rettighetsstatus | Anke på institusjonsval |
|----------------------------|----------------|--------------------------|-------------------------|
| 224 | | | |
| Oppretthaldt avgjersle | 43 | | 30 |
| Gitt medhald i anke | 68 | | 68 |
| Bedt om nye opplysningar | 3 | | 1 |
| Ikkje ferdigvurdert i 2012 | 6 | 1 | 4 |
| SUM | 120 | 1 | 103 |

Ankar til Fylkesmannen i 2012

Tabell 6

| Ankar | Anke på avslag | Anke på rettighetsstatus | Anke på institusjonsval |
|----------------|----------------|--------------------------|-------------------------|
| 25 | | | |
| Tal | 8 | 1 | 16 |
| Prosent | 32,0 | 4,0 | 64,0 |

Resultat av ankehandsaming hos Fylkesmannen i 2012

Tabell 7

| Ankar | Anke på avslag | Anke på rettighetsstatus | Anke på institusjonsvalg |
|------------------------|----------------|--------------------------|--------------------------|
| 25 | | | |
| Oppretthaldt avgjersle | 6 | 1 | 16 |
| Gitt medhald i anke | 2 | | |
| SUM | 8 | 1 | 16 |

Retur av tilvisingar frå rehabiliteringsinstitusjon til Vurderingseininga

Berre 3 tilvisingar kom i retur frå dei private rehabiliteringsinstitusjonane til Vurderingseininga etter at tilvisingane var ferdigvurdert og vidaretilvist til institusjon i regionen. Ei av desse blei vidaretilvist til annan institusjon. For dei to siste blei tilvisande lege bedt om å sende inn nye opplysningar.

2. PASIENTFLYT

I Helseregion Vest

Tabellen nedanfor viser kor mange ferdigvurderte tilvisingar (nye i 2012 + tilleggsopplysningar motteken i 2012 + ankar på avslag som fekk medhald i 2012) som blei vidaresendt til dei private rehabiliteringsinstitusjonane som hadde avtale med Helse Vest RHF, fordelt på føretaks-område som tilvisinga kom frå

Tabell 8

| Institusjon 2106 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Andre | SUM |
|---|--------------------|----------------|-----------------|----------------|-----------|-------------|
| Krokeidesenteret, Avdeling Fana | | 6 | 35 | 8 | 1 | 50 |
| Krokeidesenteret, Avdeling Nærland | 137 | 43 | 66 | 20 | 2 | 268 |
| Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter | 8 | 26 | 196 | 5 | 3 | 238 |
| Rehabiliterings Vest | 68 | 95 | 51 | 10 | 1 | 225 |
| Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter | 86 | 133 | 564 | 274 | 6 | 1063 |
| Åstveit Helsesenter | 8 | 14 | 219 | 19 | 2 | 262 |
| SUM | 307 | 317 | 1131 | 336 | 15 | 2106 |

Ut av Helseregion Vest

Tabellen nedanfor viser kor mange ferdigvurderte tilvisingar (nye i 2012 + tilleggsopplysningar mottatt i 2012 + ankar på avslag som fekk medhald i 2012) som blei vidaresendt til private rehabiliteringsinstitusjonar utanfor Helseregion Vest, fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom frå

Tabell 9

| Institusjon 179 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | SUM |
|--|--------------------|----------------|-----------------|----------------|------------|
| Attføringssenteret i Rauland | 5 | 9 | 3 | | 17 |
| Bakke Senter for mestring og rehabilitering | 1 | | 1 | | 2 |
| Beitostølen Helsesportsenter | 21 | 17 | 37 | 7 | 83* |
| Cato Senteret | 1 | 2 | | 1 | 4 |
| Fram Helserehab | 1 | | 6 | | 7 |
| Hernes Institutt | | | 1 | | 1 |
| Hokksund Rehabiliteringssenter | | | 1 | | 1 |
| Landaasen Rehabiliteringssenter | 5 | 4 | 1 | 1 | 11 |
| MS-Senter Hakadal | 9 | 3 | 3 | | 15 |
| Muritunet senter for mestring og rehabilitering | | | 4 | 2 | 6 |
| Eiksåsen MS Senter | 1 | 1 | 1 | 1 | 4 |
| Rehabiliteringssenteret Nord Norges Kurbad | | | 2 | 3 | 5 |
| Ringens Rehabiliteringssenter | 1 | | | | 1 |
| Skogli Helse- og Rehabiliteringssenter | | 1 | | | 1 |
| Steffensrud Rehabilitering | | | 2 | | 2 |
| Sørlandets Rehabiliteringssenter, Eiken | 9 | 1 | 1 | | 11 |
| Valnesfjord Helsesportsenter | 1 | | | | 1 |
| Vikersund Kurbad | 1 | 2 | 2 | | 5 |
| PETØ, Hamar | 1 | | | 1 | 2 |
| SUM | 57 | 40 | 65 | 16 | 179 |

*Ei (1) tilvising som kom frå Helse Midt Norge blei ved ein feil vurdert ved Vurderingseininga og vidaresendt til Beitostølen

Ut av Helseregion Vest etter handsaming av ankar på institusjonsval

Etter handsaming av ankar på institusjonsval fekk 19 pasientar tilbod om opphald på rehabiliteringsinstitusjon utanfor Helseregion Vest. Tabell 10 visar tal og institusjon for desse pasientane.

Tabell 10

| 19 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | SUM |
|---|-----------------|-------------|--------------|-------------|-----------|
| Attføringscenteret i Rauland | 1 | 2 | 3 | 2 | 8 |
| Beitostølen Helseportsenter | 2 | | | | 2 |
| Cato Senteret | | 1 | 1 | | 2 |
| Fram Helse rehab | | 1 | | | 1 |
| Grande Rehabiliteringssenter | | | 1 | | 1 |
| Hokksund Rehabiliteringssenter | 1 | | | | 1 |
| MS-Senter Hakadal | | 1 | | | 1 |
| Rehabiliteringssenteret Nord Norges Kurbad | | | | 1 | 1 |
| Sørlandets Rehabiliteringssenter, Eiken | 2 | | | | 2 |
| SUM | 6 | 5 | 5 | 3 | 19 |

Som det går fram av tabell 9 og 10, var Beitostølen Helseportsenter og Attføringscenteret i Rauland dei to institusjonane som vart mest brukt utanfor Helseregion Vest i 2012. I tabell 11 og 12 går det fram kva hovuddiagnosar og alder som vidaretilviste pasientar til desse institusjonane hadde.

Tabell 11

| Beitostølen Helseportsenter 85* | 0-20 | 21-30 | 31-40 | 41-60 | 61-70 | SUM |
|--|-------------|--------------|--------------|--------------|--------------|------------|
| Sirkulasjon (ICD-10 kap. 9) | | | | 1 | 1 | 2 |
| Muskel/skjelett (ICD-10 kap. 13) | 7 | 1 | 1 | 6 | 2 | 17 |
| Medfødt (ICD-10 kap. 17) | 9 | 4 | | 1 | | 14 |
| Nervesystem (ICD-10 kap. 6) | 14 | 7 | 2 | 12 | | 35 |
| Svulster (ICD-10 kap. 2) | 1 | | 1 | 2 | | 4 |
| Endokrin/Metabolsk (ICD-10 kap. 4) | | | | | 1 | 1 |
| Psykiske lidelser (ICD-10 kap. 5) | 3 | | | | | 3 |
| Skader (ICD –kap. 19) | | 1 | | | | 1 |
| Annet | 7 | 1 | | | | 8 |
| SUM | 41 | 14 | 4 | 22 | 4 | 85 |

*Ei (1) tilvising som kom frå Helse Midt Norge blei ved ein feil vurdert ved Vurderingseininga og vidaresendt til Beitostølen

Tabell 12

| Attføringscenteret i Rauland 25 | 0-20 | 21-30 | 31-40 | 41-60 | 61-70 | SUM |
|---|-------------|--------------|--------------|--------------|--------------|------------|
| Sirkulasjon (ICD-kap. 19) | | | | 2 | | 2 |
| Muskel/skjelett (ICD-10 kap. 13) | | | 4 | 8 | | 12 |
| Psykiske lidelser (ICD-10 kap. 5) | | | 2 | 4 | | 6 |
| Nervesystem (ICD-10 kap. 6) | 2 | | | 2 | | 4 |
| Svulster (ICD-10 kap. 2) | | | 1 | | | 1 |
| SUM | 2 | | 7 | 16 | | 25 |

Institusjonsønske oppgitt i tilvising

Tabellen nedanfor viser kor pasientar, som fekk rett eller behov for rehabilitering, hadde oppgitt at dei ønskte å få tilbod

Tabell 13

| Institusjon | Tal |
|--|-------------|
| Krokeidesenteret, Avdeling Fana | 113 |
| Krokeidesenteret, Avdeling Nærland | 190 |
| Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter | 132 |
| Rehabiliterings Vest | 121 |
| Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter | 945 |
| Åstveit Helsesenter | 126 |
| Institusjon utanfor Helseregion Vest | 394 |
| Institusjonsønske ikkje oppgitt | 264 |
| SUM | 2285 |

Pasientar som ikkje tok imot rehabiliteringsopphald

Tabellen nedanfor viser tal og årsak til at pasientar som fekk rett eller behov for rehabiliteringsopphald ikkje tok imot/møtte til rehabilitering

Tabell 14

| | |
|---|------------|
| Møtte ikkje/ingen årsak oppgitt | 99 |
| Pasienten sjuk på tidspunkt for opphald | 18 |
| Pasient avbestilte opphald | 292 |
| Pasient til anna behandlingssted | 1 |
| SUM | 410 |

Tilbod om reopphald

Frå vår 2012 kunne rehabiliteringsinstitusjonane tilby reopphald til pasientar etter bestemte kriteria. Til saman 165 pasientar fekk slikt tilbod, 147 av desse via Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Til saman 138 pasientar nytta seg av tilbodet, mens 12 pasientar avbestilte opphaldet. Tre pasientar møtte ikkje som følgje av sjukdom, mens tre pasientar ikkje fekk gjennomført planlagt opphald som følgje av manglande oppgåveløysing. Ni pasientar møtte ikkje til avtalt reopphald og oppgav ingen grunn for dette.

Vanlegaste årsaker til avslag på tilvisingar handsama og vurdert i 2012

Tabell 15

| Årsak til avslag | Tal |
|---|-----|
| Pasienten bør ivaretas av førstelinetenesta | 163 |
| Hovudproblemstilling i tilvisinga er psykiatri | 69 |
| Pasienten har hatt gjentekne opphald utan vesentlege nye aspektar | 65 |
| Pasient tilvist av fastlege for framtidig postoperativt opphald | 37 |
| Rekonvalesens | 23 |

Hovuddiagnosar (ICD-10) ved nye tilvisingar 2012 fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom frå (Andre jf. tabell 1)

Tabell 16

| Hovuddiagnose (ICD-10) 2969 | Helse Stavanger | Helse Fonna | Helse Bergen | Helse Førde | Andre | SUM |
|--|-----------------|-------------|--------------|-------------|-----------|-------------|
| Åndedrett (ICD-10, kap. 10) | 42 | 11 | 39 | 4 | | 96 |
| Sykdommer i muskel-skjelettsystemet og bindevev (ICD-10, kap. 13) | 185 | 269 | 964 | 264 | 13 | 1695 |
| Medfødte misdannelser, deformiteter og kromosomavvik (ICD-10, kap. 17) | 5 | 7 | 16 | 2 | | 30 |
| Skader (ICD-10, kap. 19) | 5 | 1 | 20 | 3 | | 29 |
| Svulster (ICD-10, kap. 2) | 29 | 12 | 58 | 21 | 1 | 121 |
| Endokrine/Metabolsk (ICD-10, kap 4) | 56 | 11 | 32 | 8 | 2 | 109 |
| Psykiske lidelser (ICD-10, kap 5) | 20 | 14 | 83 | 20 | 2 | 139 |
| Nervesystem (ICD-10, kap 6) * | 64 | 68 | 236 | 65 | | 433 |
| Øresykdommer (ICD-10, kap 8) | 7 | 7 | 5 | 2 | | 21 |
| Sirkulasjon (ICD-10, kap 9) | 40 | 46 | 112 | 39 | 1 | 238 |
| Annet | 11 | 4 | 31 | 11 | 1 | 58 |
| SUM | 464 | 450 | 1596 | 439 | 20 | 2969 |

*Tilvisingar knytt til rehabilitering etter hjerneslag blei, ved ein inkurie, registrert under kap. 6 om Nervesystem. Desse tilvisingane skulle ha vore registrert under kap. 9 om Sirkulasjon.

3. VENTETIDER

Ventetid for fullført vurdering av nye tilvisingar ved Vurderingseininga

Tabellen nedanfor viser ventetider for fullført vurdering av nye tilvisingar mottatt i 2012. Tilvisingar der det blei bedt om tilleggsopplysningar inngår ikkje i talet. Tilvisingar for personar som døde etter at Vurderingseininga mottok tilvisinga er utelata. Til saman omhandlar tabellen 2405 tilvisingar.

Tabell 17

| Tal dagar | Tal nye tilvisingar ferdigvurdert | SUM vurdert innan frist 30 virkedagar |
|-----------|-----------------------------------|---------------------------------------|
| 10 | 721 | |
| 20 | 807 | |
| 30 | 562 | |
| 40 | 218 | |
| | | 2308 |
| | | SUM vurdert etter frist 30 virkedagar |
| 50 | 71 | |
| 60 | 13 | |
| 70 | 4 | |
| 80 | 2 | |
| >90 | 7 | |
| | | 97 |

Vurderingseininga gjennomførte regelmessig overvaking av brot/fare for brot på vurderingsfristen og fristen for handsaming av anker. Ordning for ukentleg intern informasjonsutveksling om dette var i bruk.

Innhenting av ventetider frå private rehabiliteringsinstitusjonar i Helseregion Vest

Vurderingseininga innhentar regelmessig (kvar 14. dag) oversikt over forventa ventetider innanfor dei diagnosegruppene som det er inngått avtale mellom Helse Vest og institusjonane om. Ifølge Veileder IS-1200 Skjønnsmessig fastsettelse av forventet ventetid for rapportering av ventetid til Fritt sykehusvalg Norge, Sosial- og helsedirektoratet, 2007, skal forventet ventetid forstås som:

Maksimal ventetid for de lavest prioriterte pasientene. Forventet ventetid skal fastsettes til et bestemt antall uker, tiden skal være realistisk og være veiledende og på den måten skal det være et uttrykk for institusjonens kapasitet.(s.9)...For behandlingssteder som ikke selv er vurderingsenhet ... må disse behandlingsstedene ta utgangspunkt i mottaksdato for saken i egen institusjon (S.13).

Faktorar som normal drift ved institusjonane, utsetjingar, avbestilling, periodar med lav aktivitet, gruppetilbod og tilvisingar frå sjukehus spelar inn ved fastsetjing av ventetid.

Ventetider ved private rehabiliteringsinstitusjoner i Helseregion Vest

I tabellen nedanfor er oppgitt ventetider for ulike diagnosegrupper og typer av tilbud som rapportert av institusjonane. Der anna ikkje er oppgitt gjeld tala døgnopphald. Pasientar innanfor Raskare tilbake ordninga kan få både døgn eller dagtilbod.

Tabell 18

| Hovuddiagnose (ICD 10) | Institusjon | Frå - til i veker (lavest og høgast rapporterte veketal) | Gj.snitt ventetid avrunda til veker |
|---|------------------------------|--|-------------------------------------|
| Kap II Svulster | RK Haugland Rehab | 4-8 | 3 |
| | Krokeidesenter Nærland | 2-11 | 5 |
| | Åstveit Helsesenter | 5-13 | 8 |
| | Ravneberggaugen | 1-10 | 5 |
| Kap IV Nervesystemet | RK Haugland Rehab | 8-20 | 16 |
| | Åstveit Helsesenter | 5-13 | 8 |
| Kap VIII Tinnitus | RK Haugland Rehab. | Ikkje oppgjeve, gruppe | |
| Kap IX Sirkulasjonssystemet | Krokeidesenter Nærland | 2-6 | 4 |
| | Krokeidesenter, Fana | 2-15 | 7 |
| | Åstveit Helsesenter | 5-13 | 8 |
| | Ravneberggaugen | 1-10 | 5 |
| Kap X Åndedrett | Krokeidesenter Nærland | 2-10 | 4 |
| | Åstveit Helsesenter | 5-13 | 8 |
| Kap XIII Muskel skjelett, Bindevev, revma, smerter | RK Haugland rehab | 5-20 | 11 |
| | Åstveit Helsesenter | 5-13 | 8 |
| | Ravneberggaugen | 1-10 | 5 |
| | Rehabilitering Vest | 5-9 | 7 |
| Kap XIX Skader | Ravneberggaugen | 1-10 | |
| | Åstveit Helsesenter | 5-13 | 8 |
| | Rehabilitering vest | 5-9 | 7 |
| Raskare tilbake | Krokeidesenter Nærland | 1-10 | 4 |
| | RK Haugland rehab | 0-4 | 4 |
| | Krokeidesenter Fana | 2-15 | 7 |
| | Åstveit Helsesenter | 13-26 | 21 |
| Dagtilbod | RK Haugland rehab | 0-1 | 0 |
| | Åstveit Helsesenter | 2-4 | 3 |
| | Krokeidesenter Fana | 2-15 | 7 |
| | Ravneberggaugen | 4-20 | 12 |
| | Ravneberggaugen-aktivgruppen | 5-12 | 8 |

Rettighetspasienter

Det er ikkje rapportert fristbrot for dei fire pasientane som fekk rett til nødvendig helsehjelp. For desse pasientane var frist for start av helsehjelp satt til seinast innan to månader.

Bruk av informasjon om ventetider ved Vurderingseininga

Informasjon om ventetider nyttast ved tildeling av rett institusjon til rettighets- og behovspasientar og til rokering av pasientar mellom institusjonar innanfor same type tilbod. Kunnskap om ventetider ved institusjonar i regionen er og ein faktor ved avgjerder om rehabiliteringsopphald utanfor Helseregion Vest. Vurderingseininga informerer (munnleg) om ventetider til pasientar, pårørande, tilvisande legar, helsepersonell o.a. som vendar seg til eininga med spørsmål om dette.

Bergen den 1. februar 2013

Edith V. Lunde

Leiar